



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger. Møterom Åskora (5. etg.)
Møtedato	23.09.2014
Kl.	9:45 – 14:00

Faste medlemmer til stades:

Norvall Nøringset (SV)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Per Atle Kjøllesdal (Sp)
Nils P. Støyva (Ap)
Karianne Torvanger (Ap)
Henrik Oppen (Ap)
Frida Melvær (H)
Noralv Distad (H)
Alfred Bjørlo (V)

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Bekka Skaasheim
Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland
Elev- og lærlingombod Venke Nordeide

Sekretariat for møtet:

Førstekonsulent Merete H. Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet vedtok ope møte.

Møtebok frå 17.06.2014 vart godkjend utan merknader.

SAK 20/14 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget
5. Som saksordførar til fylkestinget vert vald:

Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.

Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget

Endringsframlegg:

Frida Melvær (H) fremma Norvall Nøringset (SV) som saksordførar for saka.

Avrøysting:

Framlegget til fylkesrådmannen med endringa i punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.
4. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget
5. Som saksordførar til fylkestinget vert vald: Norvall Nøringset

Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift vert vedteken slik den går fram i vedlegg 1
2. Lokal- inntaks- og formidlingsforskrift gjeld frå 14.10.2014, og skal nyttast frå og med inntaket og formidlinga for skuleåret 2015-2016.
3. Fylkesrådmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner til lokal inntaks- og formidlingsforskrift.

Lokal inntaks- og formidlingsforskrift skal ha forskriftsstatus og skal kunngjerast i Norsk Lovtidende snarast etter vedtaket i fylkestinget

SAK 21/14 Evaluering av ordninga "Spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i vidaregåande opplæring"

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Resultatet av evalueringa syner at ordninga «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» har fungert i samsvar med målsettingane.
2. «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» vert ikkje prioritert vidareført etter 2016-2017. Det vert ikkje teke inn elevar til vg1 skuleåret 2015-2016.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med framlegg til nytt punkt 2.:

2. «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» vert prioritert vidareført etter 2016-2017, og må finne si finansiering i samband med økonomiplanarbeidet.

Avrøysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.
Endringsframlegget til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Resultatet av evalueringa syner at ordninga «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» har fungert i samsvar med målsettingane.
2. «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» vert prioritert vidareført etter 2016-2017, og må finne si finansiering i samband med økonomiplanarbeidet.

SAK 22/14 Tertialrapport 2/14

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014:

1. Budsjetterte skatteinntekter vert redusert med 7,500 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 0,249 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte budsjettendringar når den fylkesvise fordelinga av auka statleg DAA-kompensasjon vert kjent. Det er ein føresetnad at ramma til samferdsle vert auka tilsvarande auken i rammetilskotet.
4. Budsjetterte renteinntekter vert redusert med 0,500 mill. kr.
5. Forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.
6. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 1,800 mill. kr.
7. Driftsbudsjettet vert saldert mot bufferfondet med ei avsetning på 5,441 mill. kr.
8. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,518 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,200 mill. kr.
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,318 mill. kr.
9. Det ordinære sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 10,231 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift skulebygg vert redusert med 0,980 mill. kr.
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 0,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill.kr.
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,300 mill. kr.
 - Teneste 5202 Gjestelevar vert redusert med 0,500 mill. kr.
 - Teneste 5203 PC-ordninga / teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,549 mill. kr.
 - Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 1,000 mill. kr.
10. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,400 mill. kr knytt til forsert innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Reduksjonane har slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 1,500 mill.kr.
11. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
 - Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 4,500 mill. kr.
 - Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,600 mill. kr.
 - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 7322 Båt – Ekspress og lokalruter vert redusert med 2,700 mill. kr.
 - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,600 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014:

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.

2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

1. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
2. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 4 vert teken til vitande.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til nytt punkt 12:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje til rette for erstatningsundervisning etter streiken som ein del av lærarane vart teken ut til i haust. Dei innsparte lønsmidlane som følgje av streiken kan ikkje nyttast ut over dette. Eventuelle udisponerte lønsmidlar må trekkast inn i budsjettjusteringssaka til fylkestinget i desember.

Avrøysting:

Fylkesrådmannen sitt framlegg og framlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014:

1. Budsjetterte skatteinntekter vert redusert med 7,500 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 0,249 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte budsjettendringar når den fylkesvise fordelinga av auka statleg DAA-kompensasjon vert kjent. Det er ein føresetnad at ramma til samferdsle vert auka tilsvarande auken i rammetilskotet.
4. Budsjetterte renteinntekter vert redusert med 0,500 mill. kr.
5. Forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.
6. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 1,800 mill. kr.
7. Driftsbudsjettet vert saldert mot bufferfondet med ei avsetting på 3,441 mill. kr.
8. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,518 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,200 mill. kr.
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,318 mill. kr.
9. Det ordinære sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 8,231 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift skulebygg vert redusert med 0,980 mill. kr.
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 0,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,000 mill.kr.
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,300 mill. kr.
 - Teneste 5202 Gjestelevar vert redusert med 0,500 mill. kr.

- Teneste 5203 PC-ordninga / teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,000 mill. kr.
- Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,549 mill. kr.
- Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 1,000 mill. kr.

10. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,400 mill. kr knytt til forsert innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Reduksjonane har slik fordeling:
- Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 1,500 mill.kr.

11. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
- Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 4,500 mill. kr.
 - Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,600 mill. kr.
 - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 7322 Båt – Ekspress og lokalruter vert redusert med 2,700 mill. kr.
 - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,600 mill. kr.

12. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje til rette for erstatningsundervisning etter streiken som ein del av lærarane vart teken ut til i haust. Dei innsparte lønsmidlane som følgje av streiken kan ikkje nyttast ut over dette. Eventuelle udisponerte lønsmidlar må trekkast inn i budsjettjusteringssaka til fylkestinget i desember.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014:

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

1. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
2. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 4 vert teken til vitande.

**SAK 23/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 -
konsekvensar av eventuelle endringar i planlagde
bygginvesteringar for opplæringssektoren**

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Følgjande byggjeprojekt vert utsett i påvente av nytt skule- og tilbudsstrukturvedtak:
 - Nybygg på Mo og Øyrane vidaregåande skule til verkstadhall og lokale til bygg- og anleggsteknikk

- Nybygg ved Mo og Øyrane vidaregåande skule til deler av teknikk og industriell produksjon, vg2 transport og logistikk og vg2 ambulansfag
 - Nybygg ved Hafstad vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving
- 2 Det vert ikkje bygd areal til utdanningsprogrammet restaurant og matfag ved Sogndal vidaregåande skule.

Byggesteg II på Sogndal vidaregåande skule går vidare utan areal til restaurant og matfag.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet og Senterpartiet kom med følgjande endringsframlegg:

Punkt 2: Går ut

Avrøysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Følgjande byggjeprojekt vert utsett i påvente av nytt skule- og tilbudsstrukturvedtak:
- Nybygg på Mo og Øyrane vidaregåande skule til verkstadhall og lokale til bygg- og anleggsteknikk
 - Nybygg ved Mo og Øyrane vidaregåande skule til deler av teknikk og industriell produksjon, vg2 transport og logistikk og vg2 ambulansfag
 - Nybygg ved Hafstad vidaregåande skule til studiespesialisering med formgjeving

SAK 24/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 - sektorbudsjett for opplæring

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det vert gjort slik omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring:

	2015	2016	2017	2018	2019
Utviklingsmidlar til disposisjon for HO	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Fellesutgifter for skulane	2,4	2,2	2,1	1,0	1,0
PP-tenesta	0,2	0,2			
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-2,0	-1,8	-1,6	-0,5	-0,5
	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

2. Opplæringssektoren tilpassar seg rammeutfordringane i 2015 og 2016 slik:

	2015	2016	2017-19
Teneste/tiltak:			
Jordbruksskulegardar (ufordelt løyving)	-0,4	-0,4	-0,4
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	-0,2	-0,2	-0,2
Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle idrettsutøvarar			
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	-0,5	-0,5	-0,5
Analyse av elev- og lærlingundersøking	-0,3	-0,2	-0,3
Skule- og tilbodsstruktur, Hordalandsavtalen		-1,6	-3,6
Digital satsing - kompetanseutvikling	-1,0	-1,0	-1,0
Fagnettverk	-0,2	-0,2	-0,2
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-0,4	-0,9	-0,4
Sum innsparing	-3,0	-5,0	-6,6

Endringsframlegg:**Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til nytt punkt 3:**

- Hovudutval for opplæring vil påpeike at kuttramma som opplæring har fått er for stor. Utvalet har allereie redusert si ramme med 40-50 mill. gjennom skulebruksplanen, jf. fylkesrådmannen si utgreiing av 18.06. Hovudutvalet viser til kostratal som viser at opplæring er den sektoren i fylket som ligg nærast landgjennomsnittet. Sogn og Fjordane har allereie eit sentralisert skuletilbodet og ligg i landstoppen på andel hybelbuarar.

Over tid har ein bygd opp eit tilbod som i dag er av dei beste i landet, både når det gjeld resultat og gjennomføring. Dei skisserte kutta vil gå sterkt ut over kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i fylket.

Utvalet ber om ein samla gjennomgang av tilbodet før det vert gjort vedtak om å legge ned enkelttilbod som til dømes Hordalandsavtalen.

Avrøysting:

Fylkesdirektøren si tilråding i lag med endringsframlegget frå hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

- Det vert gjort slik omdisponering i den økonomiske ramma for opplæring:

	2015	2016	2017	2018	2019
Utviklingsmidlar til disposisjon for HO	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
Fellesutgifter for skulane	2,4	2,2	2,1	1,0	1,0
PP-tenesta	0,2	0,2			
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-2,0	-1,8	-1,6	-0,5	-0,5
	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

- Opplæringssektoren tilpassar seg rammeutfordringane i 2015 og 2016 slik:

	2015	2016	2017-19
Utgreiingsramme for innsparingar	-3,0	-5,0	-88,0
Teneste/tiltak:			
Jordbruksskulegardar (ufordelt løyving)	-0,4	-0,4	-0,4
Tilskot til vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	-0,2	-0,2	-0,2
Midlar til pedagogisk utviklingsarbeid	-0,5	-0,5	-0,5
Analyse av elev- og lærlingundersøking	-0,3	-0,2	-0,3
Skule- og tilbodsstruktur		-1,1	-2,4
Digital satsing - kompetanseutvikling	-1,0	-1,0	-1,0
Fagnettverk	-0,2	-0,2	-0,2
Gratis læremiddel/PC-ordninga	-0,4	-1,4	-0,4
Sum innsparing	-3,0	-5,0	-5,4

3. Hovudutval for opplæring vil påpeike at kuttramma som opplæring har fått er for stor. Utvalet har allereie redusert si ramme med 40-50 mill. gjennom skulebruksplanen, jf fylkesrådmannen si utgreiing av 18.06. Hovudutvalet viser til kostratal som viser at opplæring er den sektoren i fylket som ligg nærast landgjennomsnittet. Sogn og Fjordane har allereie eit sentralisert skuletilbodet og ligg i landstoppen på andel hybelbuarar.

Over tid har ein bygd opp eit tilbod som i dag er av dei beste i landet, både når det gjeld resultat og gjennomføring. Dei skisserte kutta vil gå sterkt ut over kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i fylket.

Utvalet ber om ein samla gjennomgang av tilbodet før det vert gjort vedtak om å legge ned enkelttilbod som til dømes Hordalandsavtalen.

SAK 25/14 Skriv og meldingar 23.09.2014

VEDTAK:

Skriv til orientering:

1. «Gjeld vedteke elevreglement – tobakksfritt miljø ved alle skular», brev datert 9.7.14 frå ungdommen sitt kommunestyre i Luster.
 2. «Svar – Gjeld vedteke elevreglement – tobakksfritt miljø ved alle skular», svarbrev frå leiar i hovudutvalet for opplæring datert 20.8.14.
 3. «Statleg tilskot til landsliner», brev frå fylkesordførar til Kommunenes Sentralforbund datert 12.8.14.
 4. «Søknad om prosjektilskot "Språk og inkludering i Sogn og Fjordane"», brev frå Vaksenopplæringsforbundet datert 28.7.14.
 5. Vedlegg 1 Prosjektplan til «Søknad om prosjektilskot "Språk og inkludering i Sogn og Fjordane"».
 6. Vedlegg 2 Studieforbundene i Norge til «Søknad om prosjektilskot "Språk og inkludering i Sogn og Fjordane"».
 7. «Svar på søknad om tilskot til prosjektet Språk og inkludering i Sogn og Fjordane», svarbrev frå fylkesdirektøren datert 9.9.14.
-